



Åmli kommune

Helse og omsorg

SERVICEERKLÆRING

Langtidsopphald

Kommunane har ansvar for å leggje til rette for meistring av sjukdom og nedsett funksjonsevne og sikre at den enkelte får moglegheit for å leve og bo sjølvstendig. Helse- og omsorgstenestene skal være forsvarlege, heilskapleg, koordinerte, verdige og tilpassa den enkelte sitt behov (Helse og omsorgstenesteloven § 1.1 og § 4.1).

MÅLSETTING:

- Gi deg med behov for heildøgns pleie og omsorg nødvendig helsehjelp og sikre at dine grunnleggande behov dekkes.
- Du som mottar tenesta skal oppleve respekt, føreseielege tenester og tryggleik i forhold til tenestetilbodet.
- Åmli Pleie og omsorgssenter skal yte gode, forsvarlege tenester

KVEN KAN SØKE?

- Alle som oppheld seg i kommunen og som har behov for nødvendig helsehjelp.
- Også pårørende, sjukehus, fastlegar og verje kan søke på vegne av nokon.

KVA SLAGS TENESTER KAN VERA AKTUELLE?

- Nødvendig hjelp til å få dekket dine daglege behov for heildøgns pleie og omsorgstenester
- Tilsynslegen vil, i samarbeid med anna personale, sørge for din medisinske behandling og har det medisinske ansvaret for alle bebruarane på sjukeheimen
- I samarbeid med deg eller din representant utarbeide en plan for korleis dine behov for pleie og omsorgstenester skal ivaretakast
- Det leggst vekt på individuelt tilrettelagt hjelp i forhold til pleie, omsorg, medisinsk oppfølging, sosiale aktivitetar og fellesskap
- Råd og vegleiing om behandling og førebygging av sjukdom
- Næringsrik og individuelt tilpassa ernæring
- Medikamenthandtering
- Laboratorietenester
- Tilrettelegging for tannbehandling
- Støtte og vegleiing til pårørende.
- Vask av privat tøy



Åmli kommune

Helse og omsorg

KVA KOSTAR TENESTA?

- Individuelt utrekna, eigenbetaling fastsettast ut frå «Forskrift om vederlag» for opphald i institusjon.
- Sjekk ut Åmli Kommunes [«heimeside»](#) for meir informasjon

KVA KAN BRUKAREN FORVENTA AV KOMMUNEN?

- Romma er grunnmøblert, men brukarane og pårørande har moglegheit til å innreie rommet med personlege møbler og eigendeler, men det må ikkje bli overfylt. Teppe på golv er ikkje tillate.
- Du bestemmer sjølv over ditt liv, og avgjer sjølv din døgnrytme innanfor de avtaler som blir inngått og de moglegheiter avdelinga rår over.
- Du blir tildelt en primærkontakt.
- Personalet skal legge til rette slik at du kan være en aktiv deltakar i din egen kvardag.
- Personalet etterspør korleis du ønsker hjelp og kor nøgd du er med de tenestene du tek i mot.
- Vi viser respekt for deg og ditt privatliv. Rommet er ditt private område.
- Du blir tatt på alvor, du blir sett og høyr.
- Teieplikta blir respektert.
- Personalet gjer sitt beste for at du skal trivast.
- Personleg samtale etter behov.
- Halvårskontroll med tilsynslege, og farmasøyt x 1 pr år (legemiddelgjennomgang).
- Vi gir deg fortløpande informasjon om din helsetilstand og tenestene sjukeheimen tilbyr.
- At du får den bistand som vedtaket omfattar.
- Følge til fotpleier som held til på ÅPOS
- Følge til frisør eller tannlege i Åmli sentrum
- At du/din representant tas med på råd når det er aktuelt med endring av tenesta.
- Dersom du ønskjer permisjon frå opphaldet og reiser heim t.d. i samarbeid med pårørande, vil du ikkje automatisk få heimetenester i heimen din. Dette fordi du allereie har fått tenester på høgt nivå, som ikkje utan vidare kan erstattast av heimetenester.

KVA FORVENTAR KOMMUNEN AV BRUKER/PÅRØRENDE?

- Du viser omsyn til dei andre bebruarane på Åmli Pleie- og omsorgssenter.
- Du informerer personalet om kven som er din næraste pårørande.



Åmli kommune

Helse og omsorg

- Du/dine pårørende gir tilbakemelding og informasjon som vil være relevant for opphaldet.
- Du gir oss tilbakemeldingar slik at vi saman kan gjere en best mogleg jobb.
- Du samarbeider og møter den enkelte tenesteytar med respekt.
- Du og dine pårørende respekterer at tenesteytar er underlagt teieplikt.
- Det er ikkje akseptert med åtferd som trakassering, vald eller truslar.
- Er du røyker så må du respektere at det ikkje kan røykast inne på ÅPOS. Det er tilrettelagt for å røyke på anvist sted rett på utsida av bygget
- Privattøy er godt merket med namn.
- Inngåtte avtaler haldast
- Du godtar at hjelpemidlar blir tilpassa og nytta
- Du har forståing for at det kan bli aktuelt å bytte rom eller avdeling.
- Du viser respekt for at vi ikkje hjelper på områder der du kan klare deg sjølv.
- Du deltar aktivt i behandlingstiltaka og gjer det du kan klare sjølv.
- Du seier i frå til oss når du har noko du vil ta opp.
- Pårørende hjelper deg med din økonomi der det ikkje er oppnemnt hjelpeverje, eller du gjer det sjølv.
- Ved innflytting/utflytting har pårørende ansvar for flytting/tøyming av rom.
- Du har rett og plikt til å aktivt medverka, å ta avgjerder i forhold som angår deg. Medverknad lar deg ta ansvar for eige liv og ta eigne val.
- Du kan behalde din fastlege sjølv om du har fått langtidsopphald, men respekterer at det er tilsynslegen som har det medisinske ansvaret for deg under opphaldet.

TENESTEN OMFATTER IKKJE:

- Innkjøp og merking av privattøy.
- Innkjøp av toalettartiklar ut over det sortimentet vi har på avdelinga.
- På dekking, opprydding og oppvask etter gjester.
- Hjelp til tenester/oppgåver du er i stand til å klare sjølv.
- Frisør.
- Fotpleie.
- Handtering av pengar, bank- og posttenester.
- Persontransport til avtaler utanom institusjon
- Husdyrhold.
- Privat telefon.
- Følge til tannlege, frisør eller fotpleier utanfor Åmli sentrum

KORLEIS GÅ FRAM FOR Å SØKE OM LANGTIDSOPPHALD

Du søkar på tenesta sjølv, eller nokon søkar på vegne av deg t.d. sjukehuset eller pårørende. Det finnst eige [søknadsskjema](#) til dette på kommunens heimeside og søknaden sendast til tenestekontoret.



Åmli kommune

Helse og omsorg

- Tenestekontoret kontakter deg for eit kartleggingsbesøk, vurderer og tildeler tenesta
- Du må ha behov for omfattande og heildøgns helse- og omsorgstenester
- Du må sjølv ønske og samtykke til å flytte frå heimen din
- Det må i utgangspunktet være prøvd ut andre tenester som t.d. heimesjukepleie før det vert gjeve tilbod om langtidsopphald.
- Sjekk også [tildelingskriteriene](#) i kommunen på heimesida
- Du kan klage på tildelt teneste, dersom du ikkje er nøgd

KONTAKTINFORMASJON:

Tenestekontor

E-post: tjenestekontor@amli.kommune.no

Telefon [90 13 59 98](tel:90135998)

Mobil [90 13 59 98](tel:90135998)

Institusjonsopphald:

Sjå kommunens [heimeside](#)